

Årsmøte i Vestafjelske redaktørforening var halde på videomøte onsdag 20. mai kl. 17.00

Desse møtte:

Dyveke Buanes, Erling Waage, Christian Fr. Stabell, Sigvald Sveinbjørnson, Jan Inge Fardal, Astrid Dalehaug Nordheim, Mona Grønningen, Øystein Hage, Nils Torsvik, Kai Aage Pedersen

#### **1. Innkalling**

Innkaling godkjent av møtet-

#### **2. Sakliste**

vart godkjent slik den låg føre. Det kom ikkje inn saker til ymse.

#### **3. Val av møteleiar og skrivar**

Jan Inge Fardal vart vald til møteleiar, Kai Aage Pedersen, skrivar

#### **4. Godkjenning av årsmelding**

Leiar i Vestafjelske redaktørforening Jan Inge Fardal gjekk gjennom årsmeldinga som vart send ut til medlemmene i lag med innkallinga. På spørsmål frå Christian Fr. Stabell om kor vidt Helse Vest har vorte betre på å inormere om skafeomfanget på pasientar i samband med ulukker kunne Sigvald Sveinbjørnson opplyse om ei negativ utvikling: Dette har vorte verre under koronakrisa. Svært vanskeleg å få tilgang til sjukehusa, dette har vore enklare å få til i Italia enn på Haukeland. Helse Vest følgd policy til punkt og prikke. Vore usemje mellom kommunikasjonsdirektør i Helse Vest og journalistar i Bergen i fleire saker.Redaktøreforeninga sentralt er på arbeidet med å få til betre informasjon frå helseføretaka. Årsmeldinga vart godkjend slik den låg føre på årsmøtet

#### **5. Rekneskap**

Rekneskapen 2019 vart godkjent slik den låg føre.

#### **6. Budsjett 2020**

Kasserar Sigvald Sveinbjørnson orienterte om at det ikkje er laga budsjett for 2020. Dette pga av svært liten akitivitet pga korona-krisa, m.a blir det ikkje fagleg tur slik det pleier i Vestafjelske redaktørforening, og Hauststormen som var planlagt som ei storhending i haust er flytta fram eitt år. Men det skal setjast i gang arbeid med ei sosial samling så snart situasjonen normaliserer seg, årsmøtet understreka at det er viktig med ei slik samling, mange redaktørar har hatt tøffe månader med store utfordringar. Årsmøtet slutta seg til avgjerda om at det ikkje er laga budsjett.

#### **7. Val:**

Jan Inge Fardal har flytta austover og går av som leiar for Vestafjelske redaktørforening. Han får mykje skryt av årsmøtet for måten han har profilert foreninga på.

Også Elin Madsen går ut av styret.

Nytt styre blir

Sigvald Sveinbjørnsson (leiar valt for 1 år)

Astrid Dalehaug Nordheim (kasserar, valt for to år)

Kai Aage Pedersen (styremedlem, valt for to år)

Dyveke Buanes (varamedlem)

Erling Waage, attval som leiar for valnemnda

Trond Roger Nydal, medlem i valnemnda

Thomas Bruvik blir revisor